

Stort overskot av matkorn

Overskotet av matkorn er på no på 80.000 tonn. Det kan bli dyrt for bøndene. – Det er eit stort overskot av korn og det er mildt sagt ikkje ideelt å dra med så mykje over til eit nytt år, seier Sindre Flø, som er fagsjef for marknadsregulering i Felleskjøpet Agri til Nationen.

Kostnaden ved å skrive ned verdiene på kornet eller overlagre korn blir betalt av kornbøndene, som dermed risikerer ein baksmell ved at omsetningsavgifta på korn kan auke framover. (©NPK)

Betalingsfristen for skattar og avgifter blir utsett

Regjeringa utset betalingsfristen for skatt med tre månader til 31. oktober og doblar nedbetalingstida til eitt år, melder E24.

Endringa vil komme i revidert

nasjonalbudsjett som blir lagt fram i mai, opplyser Finansdepartementet til E24. Det blir samtidig ingen endringer på forseinkingsrenta. (©NPK)

Får 5 mill. kroner til å vidareføre opprustinga Hyen - Storebru

I førre veke vart det klart at Fv 615 Hyen - Storebru får fem mill. kroner av fylkesvegmidlane til å halde fram utbetringane av dei därlegaste partia.

FT: Jan Nik. Hansen

– Det er vi veldig glade for Hyen - Storebru er ein av vegaane som kjem best ut i tildelinga av dei ekstra fylkesvegmidlane, seier Trude Brosvik, andrekanndidat til Stortinget for KrF.

Fekk tre mill. i fjor

Hyen - Storebru kan smykke seg med den tvilsame æra å vere kåra til «Noregs nest verste veg». I fjor vart parti ved Fullskjeggevatnet, ved Hopsstøylene og Solheim utbetra. Arbeidet omfatta primært utviding av tronge parti, møteplasstar og sprenging for å gje betre sikt.

Oppdraget vart vunne av Mesta med eit tilbod på 3,8 mill. kroner og finansiert med ei tildeling frå fylkesvegmidlar i Vestland. Arbeidet var sluttført før jul.

– Dei tildelte midlane rakk lenger enn planlagt. Det var jo veldig kjekt, seier Brosvik.



Fem mil. kroner i ekstra fylkesvegmidlar gjer at utbetringars arbeidet Hyen - Storebru kan halde fram. Arkivbilete frå utbetringa ved Fullskjeggevatnet i fjor.



Fv 615 Hyen - Storebru er ein av vinnarane i tildeling av ekstra fylkesvegmidlar, seier Trude Brosvik (KrF).

– Ein av vinnarane

No får Fv 615 ytterlegare fem mill. kroner til å vidareføre arbeidet. Også denne gongen finansiert med fylkesvegmidlar som Vestland er tildelt etter at Regjeringa og FrP vart samde om ei løyving på 400 mill. kroner ekstra til vedlikehald av fylkesvegar som eit «korona-tiltak».

– Vestland fikk 76 mill. kroner i den statlege tildelinga. Ei løyving på fem mill. kroner gjer Hyen - Storebru til ein av vinnarane, seier Brosvik og opplyser at prioriteringslista til fylket var svært lang.

Dermed kan arbeidet med å utbetre dei trongaste partia og betre sikten halde fram.

Store utfordringar

Trude Brosvik har køyrt Fv 615 fleire gonger og er kjend med utfordringane.


– Eg kørde vegen ein gong til eit møte i Hyen og opplevde faktisk å bli bilsjuk som sjåfør, seier ho og vedgår at stevvis utbetring av tronge og vaskelege parti ikkje tek tak i dei store utfordringane som først og fremst er knytt til rasfaren.

Seinast i byrjinga av mars vart vegen stengd då store

steinblokker rasa ned i vegbanan og stengde vegen.

– Utbetringane vil likevel vere kjærkomne for alle som har Hyen - Storebru til arbeids- eller skuleveg. I eit lenger perspektiv må ein arbeide for rassikring i samband med RTP (Regional trasportplan) som er under arbeid no. Her må Gloppen kommune kome med innspel. Planen skal vedtakast i desembertinget, seier ho.

**ALLE TERRASSE-MARKISER OG ZIP-SCREEN
-30%**
TIL 30.05.
MARKISER - SCREENS



**GRATIS BEFARING
911 50 200**
**Fasade®
PRODUKTER**
OVE VEBERG
Din lokale salgskonsulent
Direktør: 908 67 031